



Stian Wergeland  
Ørnetua 21  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3904 - 17/5353

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
27.02.2017

## Førerels svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 102/130 Vabø

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.12.16 og supplerande informasjon 02.01.17

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Som nevnt i brev av 27.12.16 må det sendast inn gjenpart for nabovarsel

### Til orientering

Søknaden som er sendt inn gjeld kun søknad om dispensasjon for grad av utnytting og byggegrense i plan.

Slik teikningane ligg føre må det sendast inn søknad for å bygge garasjen, dersom dispensasjon vert gjeve.

Dersom garasjen skal plasserast som skissert må det innhentast samtykke frå eigar av naboeigedommar der det er mindre avstand enn 4 meter frå garasje til nabogrense.

Vi gjer elles merksam på at dersom det vert gjeve dispensasjon vil det være mogleg å sette opp garasje utan søknad dersom det vert gjort i samsvar med fritaksbestemmelsane. Meir om dette kan du lese på dibk.no eller ved å ta kontakt med byggesaksvakta i kommunen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.03.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjær om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurð dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
naboerklering skjema

**Mottakarar:**

Stian Wergeland

Ørnetua 21

5955

LINDÅS